



KROM Holding AS / Storneset AS  
Kåre Romarheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2677 - 19/28297

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

02.12.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 134/244 Hilland

**Tiltak:** Søknad om å få godkjent eksisterende etablert avkøyrsløype  
**Byggjestad:** Gbnr: 134/244 Leitet 22  
**Tiltakshavar:** KROM Holding AS / Storneset AS  
**Ansvarleg søkjar:** KROM Holding AS / Storneset AS

Delegasjonssak nr.: 527/19

Saka gjeldt søknad om løyve til bruk av allereie etablert avkjørsel til kommunal veg via gbnr 134/400. Søknad er del av dispensasjonssøknad til byggesaksavdelinga, datert 19.06.2019.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Søknad om dispensasjon for å lovleggjere etablert avkøyrsløype er sendt byggesak. Det er avkøyringsløyve etter veglova som skal vurderast i dette løyvet.

#### Vurdering/drøfting:

Søkar har sjølv vurdert tilkomst til eigedomen som mest hensiktsmessig via gbnr 134/400 til kommunal veg, Leitet. Grunngevinga til søkjar er at omsøkt avkøyrsløype mogleggjer universell tilkomst, unngår tilkomst via smal og dårleg privat veg mellom Alversund bru og kommunal veg Leitet som og er nytta som gangveg, samt reduserer faren for ulykker i samband med glatt føre.

Lindås kommune, vegavdelinga er enig i at den private vegen/gangvegen som søkjar skriv, er smal og lite eigna som tilkomstveg til eigedomen. Den er derimot einaste tilkomst eigar av 134/244 har til eigen garasje. I tillegg er det høve for bil å nytte tilrettelagt veg mellom hus, garasje og vegen som er nytta som gangveg mellom Alversund bru og Hilland.

Det er eit prinsipp i Lindås kommune som seier at eit bustadhus ikkje skal ha 2 tilkomstvegar/avkøyrsløyer. Slik det er i dag har denne bustaden 2 tilkomstvegar. For å kunne gi avkøyringsløyve til kommunal veg Leitet over gbnr 134/400, må den andre tilkomstvegen til eigedomen fysisk stengast. I dette tilfellet vil vegavdelinga krevje at den asfaltgrusa vegen mellom garasje og bustadhus, fysisk vert permanent stengt, slik at tilkomst med køyretøy til eigedomen berre let seg gjere via den omsøkte avkøyrsla. Garasjen vil

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



fortsatt ha tilkomst via den private vegen, men mellom garasje og hus skal vegen stengast slik at det berre er gang tilkomst.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis løyve til nytt avkjøringsløyve på vilkår om at vegen mot garasje og gangveg mot Alversund bru vert stengt.

#### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til ag på søknad om oppretting av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Eksisterande veg mot garasje og gangveg mot Alversund bru vert fysisk stengt for køyretøy.

Gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld avkjøringsløyve til kommunal veg. Andre tiltak og løyver kan vere søknadspliktige via andre avdelingar.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Petter Håven  
Terese Håven

Leitet 22  
Leitet 22

5911  
5911

ALVERSUND  
ALVERSUND

**Mottakarar:**

KROM Holding AS / Storneset AS  
KROM Holding AS / Storneset AS